

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
036/18	Formannskapet	PS	26.04.2018
030/18	Kommunestyret	PS	03.05.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	18/1315

Sal av kommunal tomt gbnr 70/19 - Feste

Vedlegg :

Vedlegg1_Signert intensjonsavtale - gbnr 7019 Feste ytre
Vedlegg 2_Tilbakemelding frå kjøprerar av gbnr 70_19 - Feste
Vedlegg 3_Utgreiing om prosess gamal snuplass gbnr 70_19 frå bnr 14 og 5

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

- Lindås Kommune vedtar å selje kommunal tomt gbnr 70/19 på Feste , slik det går fram av vedlagt intensjonsavtale datert 04.05.17
- Salssummen er kr 35.000 eks omkostningar

Formannskapet - 036/18

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

- Lindås Kommune vedtar å selje kommunal tomt gbnr 70/19 på Feste , slik det går fram av vedlagt intensjonsavtale datert 04.05.17
- Salssummen er kr 35.000 eks omkostningar

Kommunestyret - 030/18

KO - behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

KO - vedtak:

- Lindås Kommune vedtar å selje kommunal tomt gbnr 70/19 på Feste , slik det går fram av vedlagt intensjonsavtale datert 04.05.17
- Salssummen er kr 35.000 eks omkostningar

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn for saka

Statens Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune har i lengre tid jobba med å etablere ein ny snuplass for buss på Feste. For å etablere ein ny snuplass har Statens Vegvesen vore avhengig å kjøpe grunn til føremålet. Det aktuelle området for ein ny snuplass ligg aust for den gamle snuplassen, og det er gbnr 70/1,2,4,5 og 7 som er grunneigarar for det aktuelle området for ny snuplass.

I dialogen mellom Statens Vegvesen og grunneigarane har det vore eit ønske frå grunneigarane om å kunne kjøpe den gamle snuplassen (gbnr 70/19) - mot at dei selde areal til ny snuplass. Dette er dei same grunneigarane som for mange år sidan selde gbnr 70/19 til Lindås kommune, for å etablere den gamle snuplassen. Med Lindås kommune som grunneigar av den gamle snuplassen, blei det oppretta dialog mellom kommunen og dei aktuelle grunneigarane. Ettersom dette er eit areal som kommunen ikkje har langsiktige planar for, blei det utarbeida ein intensjonsavtale der grunneigarane fekk kjøpe gbnr 70/19 for kr 35.000,- eks omkostningar. Med bakgrunn i denne intensjonsavtalen selde grunneigarane areal til Statens Vegvesen, slik at ein kunne etablere ein ny snuplass. Den nye snuplassen på Feste er ferdig bygd og tatt i bruk.

Intensjonsavtalen om kjøp av gbnr 70/19 blei underskriven i mai 2017 og grunneigarane har naturleg nok hatt eit ønskje om å slutføre prosessen. Men undervegs i prosessen har det vist seg at administrasjonen ikkje har hatt dei nødvendige fullmakter til å selje kommunal eigedom på denne måten. Sal av eigedomar skal til politisk handsaming. I tillegg har butikken på Feste (Feste Nærkjøp) vore bekymra for deira muligheit for å bruke gbnr 70/19 til parkering for kundane, då den gamle snuplassen også er blitt nytta som parkering for butikken. I vedlagt tilbakemelding frå kjøparane av gbnr 70/19 (vedlegg 2), gir dei uttrykk for at dei ønskjer å gje Feste Nærkjøp tilbod om ein avtale for parkeringsplassar for kundar til butikken. Vedlagt saka ligg også ei utgreiing frå grunneigarane vedr. kostnadar dei har hatt på gbnr 70/19 i samband med bygging av den nye snuplassen. Grunneigarane tok på seg denne kostanden basert på at intensjonsavtalen om kjøp var inngått.

Vurdering:

Arealet på gbnr 70/19 blei kjøpt av kommunen for mange år sidan for å etablere ei snuplass for buss på Feste. No er det kome ein ny snuplass og det er administrasjonen si vurdering at det er mest tenleg at dette arealet blir tilbakeført til lokale interessentar. Tilbakemelding frå grunneigarane er at dei primært ønskjer å nytte dette arealet til parkering for eigne eigedomar.

I denne prosessen har administrasjonen dessverre gått utover sine fullmakter og har gjennom vedlagt intensjonsavtale forplikta kommunen til å selje arealet. Dette skulle vore til politisk handsaming før ein avtale blei endeleg signert. Administrasjonen legg derfor fram saka til politisk handsaming med framlegg om å selje arealet i tråd med intensjonsavtalen. Det er også positivt at kjøparane av gbnr 70/19 ønskjer å gje Feste Nærkjøp tilbod om ein

avtale for parkeringsplassar for kundar til butikken.

.....